



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sigrid Nilsen Tro, 5557 2232

Vår dato
23.12.2013
Dykkar dato
11.11.2013

Vår referanse
2013/16191
Dykkar referanse
13/3002

Arbeidsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Høyringsfråsegn i samband med forslag til endring i § 5 i forskrift om sosiale tenester til personar utan fast bopel i Noreg

Fylkesmannen i Hordaland viser til Arbeidsdepartementets høyringsbrev, datert 11. oktober 2013, med forslag til endring i forskrift om sosiale tenester til personar utan fast bopel i Noreg. Endringa inneber at Nav-kontora i større grad enn før blir pålagde å undersøke opphaldsstatus når utanlandske borgarar søker om sosialhjelp.

Fylkesmannen i Hordaland stør forslaget og meiner det er positivt at Nav-kontora får ein heimel til å innhente opplysningar når dei er i tvil om tenestesøkaren sin opphaldsstatus.

Likevel vil vi knyte nokre merknader til endringsforslaget, då forslaget etter vår meining ikkje vil få praktiske følgjer når det gjeld avklaring av EØS-borgarar sin opphaldsstatus. I det følgjande vil vi utdjupe dette synspunktet og til sist peike på kva som må til for at forslaget skal verke i praksis for denne gruppa.

Fleire Nav-kontor har fortalt oss at det ofte oppstår tvil om grunnlaget for opphaldsstatus når personar frå EØS-land søker om sosialhjelp. Dette har samband med at vedkomande sin opphaldsrett i utgangpunktet er tufta på at han eller ho ikkje skal utgjere ei byrde for norske velferdsordningar. Dersom ein EØS-borgar skal opphalde seg i Noreg i meir enn tre månader, må vedkomande ha eit opphaldsgrunnlag og få utstedt eit registreringsbevis. Det er ikkje eit krav at registreringsbeviset skal fornyast. Politiet, som administrerer ordninga, har heller ikkje praksis for å revurdere opphaldsgrunnlaget for ein EØS-borgar som allereie er registrert. Som oftast er det sosialtenesta i Nav, og ikkje politiet, som først får kjennskap til at opphaldsgrunnlaget kan vere endra. Men av omsyn til teieplikta kan Nav-kontoret ikkje gje desse opplysningane vidare.

Dersom det er tvil om ein EØS-borgar sin opphaldsstatus, har politiet kompetanse og fullmakt til å vurdere spørsmålet. For at det aktuelle endringsforslaget skal få praktiske følgjer for avklaring av EØS-borgarar sin opphaldsstatus, er det naudsynt at sosialtenesta i Nav si teieplikt vert endra sånn at Nav-kontoret kan gje politiet relevante opplysningar. I tillegg må politiet endre sin praksis og faktisk revurdere eit registreringsbevis når nye opplysningar ligg føre.

Fylkesmannen finn òg grunn til å peike på det paradoksale i at eit gyldig registreringsbevis skal kunne gje rett til sosialhjelp, all den tid det er ein føresetnad for bli registrert i denne ordninga at ein kan dokumentere at ein ikkje kjem til å vere ei byrde for offentlege velferdsordningar.

Fylkesmannen i Hordaland sluttar seg elles til Fylkesmannen i Vestfold sine kommentarar i deira høyringsfråsegn datert 8. november 2013.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Alle fylkesmannsembeta